**YRKESFAGLEG FORDJUPING – YFF**

## Korleis YFF er organisert på Stord vgs 2017/2018:

| YFF | Automasjon vg2 | Automasjon vg3 | B&A vg1 | Byggteknikk vg2 | Elektro vg1 | Elektro vg2 | IKT vg2 | TIP vg1 | TIP vg2 | Kjøretøy vg2 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Omfang av YFF ute i bedrift | 1 veke haust, 1 veke vår Dette er første året vg2 aut har utplassering i YFF | 2 veker x 2 haust, 2 veker vår. Skal vere i tre forskjellige bedrifter | Ein periode om hausten og ein om våren. 2-3 dagar i veka over 4 veker. | Ein periode om hausten og ein om våren. 2-3 dagar i veka over 5 veker. | Har ikkje hatt utplassering tidlegare, men har lagt ein plan saman med YFK om bedr.besøk og utplass. Målsetjing er min.3 bedr.besøk + 2-4 dagar praksis | 3 x 1 veke. Må vere i tre forskjellige bedrifter. | Ein dag i veka | Har ikkje hatt utplassering på sikkert 10 år. Av årets 27 elevar har 9 elevar fått seg praksisplass ein dag i veka frå 20. nov til mai. Alle skal ut ei veke etter jul. | 2 veker haust og 2 veker vår | 5 periodar à 4 dagar. Dette er nytt av året. Tidlegare 2 veker haust og 2 veker vår. Endring etter ønskje frå bilbransjen. Eit middel til å få fleire læreplassar. |
| Organisering av YFF ute i bedrift | Veke 44/2017 Vårsemester et ikkje bestemt veke endå | Veke 39/40, 49/50 og 7/8 | Veke 45-48 og 15-19. Måndag, tysdag og annankvar fredag. | Dei to klassane blir delt i 3 grupper på 4 elevar i kvar gruppe pr. klasse. Onsdag, torsdag og (fredag) veke | Vårsemester: 2-4 dagar veke 10-17. (Torsdag) + fredag. Okt-feb: Bedr.besøk Apply TB, Kværner | Veke 42, 48 og 5 | Kvar måndag frå veka etter haustferien og ut april. Nyttar ungdomsbedrift viss interesse. Har ein i år, | Kvar måndag frå 20. nov til mai. Veke 7 er under planlegging saman med YFK. | Veke 45/46 og 5/6. | Veke 40, 49, 2, 6 og 10. Måndag til torsdag. Fem forskjellige bedrifter som hovudregel. |

| | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | 36-40 gr.1, 43-47 gr.2 og 49-2 gr. 3. Ny runde i vårsemester. | Stord og Gann. April: Kraftdag | | men har hatt mange år utan interesse. | | | |
| Kontakt: | Elevane har sjølv laga oversikt over aktuelle bedrifter og ordna plass | Elevane finn sjølv praksisplass, lærar hjelper til ved behov og bidrar med kontaktar og kjennskap til bransjen | Elevane finn praksisplass sjølv. Dersom dei ikkje får tak i plass, hjelper læraren til. | Elevane finn praksisplass sjølv. Lærar hjelper til om nødvendig. | YFK koordinerer praksisplass saman med lærar og elevar. Under planlegging. | Lærar skaffar praksisplass ved å sende e-post til bedr. i forkant av praksisveka. Elevane set opp ønskje og får så langt råd sine ønskje innfridd. Lærar fordeler plassane. | Elevane kan velje og skaffe seg bedrift sjølv . Lærar har òg kontaktar og skaffar plassar som elevane må søkje på og konkurrere om. Her får elevane god trening i søknad, CV og jobbintervju. | Dei elevane som er ute ein dag i veka har ordna det sjølv. Veke 7 er under planlegging saman med YFK. | Lærar har eit fast opplegg der han styrer første utplassering inn mot to store bedrifter som gir sveiseopplæring. Andre utplassering vel elevane sjølv kor dei vil vere. | Elevane finn sjølv praksisplass, lærar hjelper til ved behov og bidrar med kontaktar og kjennskap til bransjen |
| Type bedrift, besøk av lærar: | Bedrifter som har automatikar ar. Lærar besøkjer bedrifter under utplassering sperioden. Uvisst om | Mest lære-bedrifter. Lærar følgjer opp elevane når dei er ute ved besøk ute, eller ved telefon | Mest lærebedr. Lærar følgjer opp elevane ved besøk i bedrift. Det kan vere vanskeleg å få til, men det blir prioritert. | Elevane kan vere ute i same bedrift på vg1 og vg2 og får ofte læreplass i den bedrifta. Andre elevar prøver forskjellige bedrifter. | Under planlegging | Lærebedr. tilknytta opplærings-kontora HSO og YSO. | Det er ikkje nok bedrifter som er lærebedrifte r i IKT, så elevane får òg velje utplassering i andre bransjar. | Lærebedr. tilknytta opplæringsk ontoret YSO. Vil jobbe med å finne bedrifter som kan passe til svake elevar. | Lærebedr. tilknytta opplæringsk ontoret YSO. Første utplassering kun hos Apply Leirvik og Kværner Stord. Lærar besøkjer | Lærebedr. tilknytta opplæringsk ontoret på Stord. Fokus på å nytte breidden i faget samt sjå på øvrige vg2 som enkelte av |

| | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | han er innom alle. | | Telefon er alternativet. | Same oppfølging som vg1. | | | Fokus på at det skal vere ein lærebedrift. Lærar besøkjer bedrift 1-2 gonger pr. skuleår. | | bedrift under utplasseringsperiodane. | elevane har. Eit middel til å få fleire læreplassar. Stort fokus på at utplassering skal føre til læreplass. |
| Sammen-heng YFF og læreplass: | Desse skal ikkje i lære etter vg2 | Skuleåret 16/17 fekk 3 av 8 elevar lærekontrakt i «YFF-bedr.» = 38%. 8 av 11 fekk lærekontrakt = 73%. | Elevane kan vere ute i same bedrift på vg1 og vg2 og får ofte læreplass i den bedrifta. | Skuleåret 16/17 fekk 9 av 11 elevar lærekontrakt i «YFF-bedr.» = 82%. 11 av 14 fekk lærekontrakt = 79%. | | Skuleåret 16/17 fekk 6 av 13 elevar lærekontr. i «YFF-bedr.» = 46%. 13 av 22 fekk lærekontrakt = 59%. | Skuleåret 16/17 fekk 1 av 4 elevar lærekontr. i «YFF-bedr.» = 25%. 4 av 5 fekk lærekontrakt = 80%. | | Førre skuleåret fekk alle 12 elevane i denne klassen læreplass. Ein fekk i ein annan enn YFF-bedr. | Skuleåret 16/17 fekk 2 av 5 elevar lærekontr. i «YFF-bedr.» = 40%. 5 av 14 fekk lærekontrakt = 36%. |
| Utfordr-ingar | 12 av 17 elevar fekk praksisplass | Talet læreplassar er redusert. Jobbar med å komme seg inn i nye bransjar, for eksempel havbruk | Det er ikkje alle elevane som vil ut i praksis. Dei elevane får eit opplegg på skulen. På vg2 er det ikkje eit alternativ å vere på skulen i YFF. | Vanskeleg å koordinere YFF opp mot fellesfaga sidan dei ikkje har heil klasse utplassert om gongen. | Ingen erfaring frå tidlegare. Det heng igjen eit inntrykk om at bransjen ikkje ønskjer så unge elevar ut i bedrift. | Det rår ein oppfatning blant lærarane om at bransjen ikkje ønskjer at elevar skal ta kontakt med bedriften. | Ikkje nok læreplassar, men i fjor fekk likevel alle som søkte (ein trekte søknaden). Ein arbeidsmarknad i stor endring. | Lenge sidan dei hadde ute elevar på vg1. | Konjunkturavhengig etterspurnad etter lærlingar. Akkurat no produserer skulen for få lærlingar til å dekkje behovet for lærlingar. | Ikkje nok læreplassar. Bilfirmaene tar inn lærling annakvart år. |
| Tilbake-melding | | Forskjellige måtar lærar | Tilbakemelding frå | Tilbakemelding frå | Under planlegging. | | Elevane skriv rapport | Under planlegging. | | |

| | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | får tilbakemelding etter praksisperioden. Mykje brukt at elev har framføring for klassen. | utplassering skjer i norskfaget. Eleven skriv logg. | utplassering skjer i norskfaget. Eleven skriv logg. | | | i SkoleBlogg på It's Learning og knytter praksisen opp mot læreplanmål | | | |
| Kva gjer lærar for elevar som strevar: | Dei fem elevane som ikkje fekk praksisplass, fekk relevant undervisning på skulen. | Sjeldan ein problemstilling i denne klassen. | Lagar opplegg på skulen | Hjelper elevane med å få seg praksisplass. | | | Dei må oppleve mestring. Tilpassar oppgåver. | Planlegg å finne bedrifter som matchar elevane. | Stiller strenge krav frå dag 1 og følgjer dette opp. Har fokus på at elevane må oppleve mestring. | |

## Korleis er YFF organisert i skulen sine fag:

**Møte med avd. leiar 23.11.2017:**

- Kva retningslinjer har lærarane i YFF? **Alle elevane skal ha utplassering i bedrift i faget YFF. Lærarane har fått presentert Udir sine dokument og føringar inkludert «Forskrift om YFF» av 08.06.2016. Lærarane har òg fått presentert dokumenta på intranett som er utarbeida av HFK til støtte for utplassering i YFF.**
- Oppfølgjing av lærarar i YFF, frå avd. leiar? **Oppfølging skjer gjennom Vabakkjenmøte, avdelingsmøte og enkeltvise samtalar.**
- Oppfølgjing frå skulen i YFF, mot bedrifter? **Lærarane har jamnleg kontakt i forbindelse med å skaffe og følgje opp utplasseringar.**
- Kva tenkjer du framover i YFF? **Dette må arbeidast med i fleire år framover; utvikle samarbeidet med næringslivet og forståinga av det 4-årige løpet. YFF er det viktigaste virkemiddelet for å skaffe læreplassar.**
- Planar for hausten? **Særleg det å få alle klassane med. Det er mange klassar som tidlegare ikkje har hatt utplassering i YFF.**
- Bedriftskontaktar må registrerast – intensjonsavtalar: **YFK arbeider med å kartlegge bedriftskontaktane til lærarane. Intensjonsavtalar har vi foreløpig ikkje.**
- Oversikt over lærebedrifter, bransjen: **Vi har god oversikt gjennom lærarane sin kjennskap til respektive bransjar.**
- Nettverk: **I stadig utvikling.**
- Kontakt med næringslivet – kva har vore gjort? **I tillegg til utplasseringar; invitere bedrifter til skulen, bedriftsbesøk med klassar, «Open dag», tilstade på fagbrevutdelingar m.m.**
- Kva kan vi gjere, invitere inn på skulen? **Dette gjer vi.**
- Planar for elevar som ikkje fungerer, vil ut? **Individuell behandling for kvar enkelt elev. Vere obs på mulighet for å bli lærekandidat.**